13. januar 2020

Norconsult AS

Vevring vil vidare

Innbyggarstyrt strategisk planlegging

Innhald

1. VEVRING VIL VIDARE 1

BAKGRUNN 1
VEVRING ER 1

2. PLANGRUNNLAG 2

STRANDSONE OG TETTSTADSANALYSE 2014 2
KOMMUNEDELPLAN 2016 2

3. MOBILISERING 3

MÅL 3
ARBEIDSPROSESS 3
IDEUTVIKLING 4
TEMAGRUPPER 5
GRUPPENE SITT ARBEID 5
GRUPPESVAR 6

4. TILTAK I HEILE VEVRING 14

NÆRINGSAREAL OG SAMFERDSEL 14
LANDBRUK 14
BUSTADER 14
MARKNADSFØRING 14

5. TILTAK I VEVRING SENTRUM 15

PLANSKISSE 15
BÅTHAMN I VEST 16
BUTIKK OG GRENDESENTER 16
BADESTRAND OG LEIKEPARK 17
SENTRUMSGATA MED SENTRUMSHUS 17
TINGNESET 18
OMRÅDET KRING SKULEN 18
BUSTADOMRÅDE MED PARSELLHAGE 19
MINIHUS/LANDSKAPSHOTELL 19

6. ILLUSTRASJONAR 20

OVERSIKT 20
UTSNITT MOT VEST 21
UTSNITT SENTRUMSGATA 22

7. VIDARE ARBEID 23

KORT SIKT 23
LANG SIKT 23

8. VEDLEGG 24

VEDLEGG 1 PLANSKISSE 24
VEDLEGG 2 OVERSIKT OG INSPIRASJON 24
VEDLEGG 3 OVERSIKT VEST UTSNITT 24
VEDLEGG 4 SENTRUMSGATA UTSNITT 24

Oppdragsgjevar:	Naustdal kommune v/Ørjan Stubhaug og Vevring grendalag v/ Ole Erik Thingnes
Oppdrag:	5191761 – Vevring strategisk utviklingsplan
Rapport:	Vevring vidare – innbyggarstyrt strategisk planlegging
Utarbeidd av:	Norconsult AS
Oppdragsleiar:	Areal og samfunnsutviklar Arne Kringlen
Medarbeidar:	Arkitekt Aashild Lauvsnes Øren

1. Vevring vil vidare

Bakgrunn

Vevring grendalag og Naustdal kommune har i 2019 samarbeidd om ein mobiliseringsprosess med bygdefolket, som skal vere starten på utvikling av tettstaden Vevring.

Utvikling her har i lang tid vore hemma av uavklarte forhald kring eventuell gruvedrift i Engebøfjellet. Bygda ynskjer no å ta grep for å mobilisere til satsing, og finne områder der ein kan investere utan å risikere konflikt med eventuell gruvedrift. Samstundes har ein eit ynskje om å skape eit lokalt engasjement for å «sikre Vevring mest mogleg samfunnsnytte» av eventuelle gruveprosjekt på mineralressursane i Engebøfjellet.»

Mobiliseringsprosessen består i at innbyggarane sjølv, med fagleg støtte, utviklar ein strategisk plan for tettstaden sin. Arbeidstittel ***«innbyggarstyrt strategisk planlegging».*** Arbeidet skal sikre:

Mobilisering:

- Finne eldsjelene og dei gode ideane
- Medverknad frå innbyggarane
- Involvering av drivkreftene/kapital til gjennomføring
- Sikre maksimal lokal nytte og positiv utvikling frå eventuell mineralnæring på Engebø, samt sikre at eit slikt tiltak styrkjer lokalmiljøet og ikkje svekker utviklingsmogelegheitene.

Tettstadsutvikling:

- Realistiske og konkrete tiltak, som t.d. infrastruktur, bygningar og fellesareal
- Legge føringar for ein realistisk reguleringsplan for sentrum

Næringsutvikling:

- Kunst og naturbasert
- Småskala industri og tenester

Vevring er

- Om lag 300 innbyggarar
- Skule, barnehage og Butikk
- lag og organisasjonar, mellom anna Grendalag, helselag m.m.
- Vevringutstillinga
- Slåtterock
- Fjordfiskefestival, Lyr-Lyre-Lyrikk
- Fleire faste/varierte arrangement
- Kunst i natur, faste installasjonar
- «Kunst i butikk», ambulerande utstillingar
- Store mineralressursar i Engebø fjellet

Og mykje meir….

Figur 1: Vevring sentrum. Foto: Naustdal kommune.

2. Plangrunnlag

Strandsone og tettstadsanalyse 2014

På bakgrunn av strandsoneanalyse, barnetråkkregistrering og planverkstad i 2011-12 for heile skulekrinsen Vevring, vart det laga ei moglegstudie for tettstaden Vevring i 2014. Målet var å utvikle eit konsept for arealutviklinga i det sentrale området av Vevring som gjer bygda og kommunen i stand til å handtere både eit utbyggingspress som kan kome raskt, og ei eventuell meir langsam utvikling.

Det vart vurdert eit alternativ med mest mogleg bustader langs «hovudgata» og eit med meir tradisjonell tundanning og bruk av jordbruksareala nordover. Tilrådinga vart å gå vidare med konseptet «tun og tradisjon» der areala langs «gata» er kombinert offentleg/privat og areala nordover er avsett til bustader. Dette vart lagt til grunn for kommunedelplanen som vart vedteken i 2016.



Figur 2: konseptet tun og tradisjon frå moglegheitsstudien 2014 (Asplan Viak)

Kommunedelplan 2016

Kommuneplanen følgjer opp tilrådinga frå moglegheitstudien og det er sett av byggjeområde, som skal gi ein viss fleksibilitet med tanke på detaljering i neste planfase.

Vevring sentrum er eit treffpunkt, og bindeledd mellom dei små grendene. Ei forsterking av sentrum, i form av aktivitet og fellesfunksjonar er viktig for ei god samfunnsutvikling.

Planen legg til rette for at området kan blomstre, ved å setje av bustadareal og sentrumsareal. Det er eit krav at Vevring sentrum skal områderegulerast, for å sikre ein heilskapleg plan for sentrum på meir detaljnivå enn kommunedelplanen, og for å få fram kvalitetane staden har, framfor å øydeleggje dei. Bustadareala har rekkefølgjekrav for å sikre god arealutnytting.



Figur 3: Kommunedelplan Vevring. Utsnitt Vevring. (Norconsult)

3. Mobilisering

Mål

Korleis kan Vevring utnytte dei moglegheitene som er i bygda i dag og samtidig hente maksimal positiv gevinst av moglegheitene som kan komme ved utnytting av mineralressursen i Engebøfjellet

Arbeidsprosess

25.april	folkemøte med ideverkstad, inndeling i tema og forankring
14. mai	grendalagstyret lagar temagrupper og fordeler ansvar
4. juni	temagruppene møtes og startar arbeidet. Får mal som dei kan bruke. Gruppene møtes 2-3 ganger i løpet av sommaren
Juni, juli, august	Gruppemøter
20. august	Gruppene presenterer sitt arbeid
	Grendalaget presenterer sitt planarbeid til adm leiing i Sunnfjord kommune
6. november	Plan med visualisering vert presentert og gruppene gjev tilbakemelding på dokumentet. Grendalaget bestemmer kva som skal illustrerast.
20. desember	Norconsult leverer hovudrapport

Figur 4: Ideverkstad 25. april 2019. Foto: Naustdal kommune.

Figur 5: Oppstart gruppearbeid 4. juni 2019. Foto: Norconsult.

Ideutvikling

Det vart kalla inn til folkemøte og forsamlinga vart delt inn i grupper. Spørsmål 1: Idear til å utnytte dei moglegheitene som er i Vevring i dag. Gruppene vart også utfordra til å plassere ideane i eit diagram etter vanskegrad og tid. I diagrammet under er gruppene sitt arbeid oppsummert.

Vanskeleg	**1. Grøn omsorg – gardsdrift** **2. Sykkel og gangveg** **3. Etablere mekaniske verkstad** **4. Permanente bustader til utleige** **5. Utleigeleilegheiter/korttidsleige** **6. Kulturhus med ulike funksjonar** **7. Samle fjordaskulen-endre krinsgrenser** **8. Lokalt forankra gruveprosjekt utan sjødeponi**	1. Lokale arbeidsplassar 2. Forbetring av veg til Naustdal 3. Sal av fyllmasse 4. Butikk/drivstoff/tilkomst for båt 5. Båthamn 6. Ny trase fv 611 Redal-Sæla 7. Lys i alle tunellar 8. Saltvatn-basseng 9. Hotell/servicebygg 10. Ny butikk 11. Folkehøgskule – kunst, mat og alternativt jordbruk 12. Folkehøgkule med kunstnarlinje
Lett	1. Parkeringsplassar skule. Kyrkje arr 2. Oppgradere strender 3. Følgje opp bu og driveplikt 4. Nettside – facebook 5. Oppretthalde bu og drivepilkt 6. Utleige i båthamn 7. Tilflytting – marknadsføre bygda og tomter, reklamevideo 8. Turisme – betre organisering og betre tilrettelegging 9. Bruk butikken – handle heime 10. Regulere bustad – byggeklare tomter m båtplass 11. Galleri kunstnarverkstad - Kunst og matmarknad 12. Sandstrand – volleyballbane Klatreskulptur og gangveg til butikken 13. Kontakt med bygdene på andre sida av fjorden 14. Samarbeid med Dalsåsen 15. Mineraldrift – driftshovedkontoret her, tomter for busetjing, næringsareal for underleverandør. 16. Fiber 17. Få fleire barn 18. Prøvebuprosjekt 19. Vevring toppturbok 20. Fiskeplass 21. Utbetring av turveg/skilting 22. Ny veg til kyrkja 23. Utviding av gravplass	**1. Turisme – utleige** **2. Regulere og marknadsføre attraktive tomter** **3. Oppretthalde skule/barnehage** **4. Gang og sykkelsti** **5. Marinaanlegg – båt, utleige, sjøbuer, reparasjon, turisme** **6. Nye båthamner/båtplassar** **7. Unytting av overskotsmassar til ulike behov** **8. Gang og sykkelsti** **9. Økolandsby og økotun** **10. Slakteri med hjort, sau og geit** **11. Vevring som kunstlandsby – kunst residence** **12. Tiny houses – små bustader på hjul, turisme og prøvebu** **13. Grendasenter – butikk, husvære, næringslokale**
	Kort sikt	**Lang sikt**

Figur 6: Samandrag av idear satt i diagram for sortering etter vanskegrad og tid.

Temagrupper

Vidare vart ideane sortert etter tema og innbyggarane vart oppmoda om å setje seg opp på det tema dei ville arbeide vidare med.

	Temagruppe	Gruppemedlemmer
1	**Båthamn** -båtham/marina sentralt i Vevring (mogleg samlokalisering med grendesenter).	Ove Apalseth, Magnar Aarseth, Morten Engebø, Helge Leif Nordvik.
2	**Grendesenter** -butikk, servicebygg, hotell med meir (mogleg samlokalisering med ny båthamn).	Ole Erik Thingnes, , Marianne Apalseth, Geir Førsund, Rune Engebø.
3	**Næringsutvikling** -krav til mineralnæring, betre vegar, areal til nye næringar.	Dag Tore Thingnes, Lena Vefring, Ola Dag Thingnes, Oddbjørn Bergskot, Knut Horne
4	**Landbruksutvikling** -næringsutvikling basert på lokale ressursar innan jord og skog.	Lars G. Thingnes, Geir Kalstad, Anders Apalseth, Pall H. Hannesson, Alexis Thingnes
5	**Kunstlandsby** -utvikle bukonsept med utgangspunkt i Vevringutstillinga (mogleg samarbeid med kunstlandsby).	Ellen Aarseth, Mette Elin Standal Sæther, Nadine Ranke, Ineke Zeedyk
6	**Bustader** -nye buformer som Tiny house, «prøvebu» med meir (mogleg samarbeid med kunstlandsby).	Samuel Dirksz, Alisander Aarseth
7	**Fjordaskulen** -teste samarbeid med Flora.	Kine Olsen, Lena Vefring, Terje Horne, Anbjørg Kalstad, Hanna Louise Thingnes
8	**Nærmiljøanlegg** -vidareutvikle område for «kortreiste» fritidsaktivitetar.	Kine Olsen, Anbjørg Kalstad, Nikolai Kalstad, Adriane Valchian, Laila Claussen, Silje L. Vassbotten
9	**Marknadsføring** -tilflytting, reiseliv, turinformasjon.	Veronica Standal, Lena Vefring, Stine Kalstad, Håvar Horstad, Arve Seljevoll, Marit G. Våge Apneseth

Gruppene sitt arbeid

Som del av oppdraget utarbeidde Norconsult ein mal for gruppearbeidet som dei kunne ta i bruk for å systematisere arbeidet sitt.

Møte 1:

- Gå gjennom idelista og forbetre/reformulere ideane som de vil jobbe vidare med
- Suppler med nye tema og idear
- Gå gjennom kvar ide og skriv ned kven de må samarbeide med for å gjennomføre ideen (grunneigar, myndigheiter, kapitalkjelder, eldsjeler)
- Skriv ned kva som må avklarast for å sjekke om det i det heile er realistisk å arbeide vidare med ideen
- Fordel ansvar for avklaringane og kontakt med samarbeidspartnarar som må gjerast til neste møte

Møte 2:

- Oppsummer avklaringar og samarbeidspartnarar (aktuelle samarbeidspartnarar kan delta på møtet)
- Reformuler ideane og luk vekk det som ikkje er realistisk
- Sorter i 4 kategoriar (neste side)

Møte 3:

- Lag ei skisse på kart over Vevring sentrum
- Skissa skal fange opp tiltak som er naudsynt for å realisere dine idear.
- Lag ein forklarande tekst til kvart tiltak i planskissa

Gruppene arbeidde gjennom sommaren med sine idear. Modninga av ideane er kome ulikt, fordi dei har ulik kompleksitet. Nokre er heilt konkrete og kan gjennomførast raskt, mens andre treng lengre prosessar og meir bearbeiding. På dei neste sidene er gruppene sitt arbeid presentert, slik arbeidet vart presenterte for kommunaldirektøren i Sunnfjord kommune på folkemøte 28. august 2019.

Gruppesvar

1. Båthamn

A. Ny båthamn

C. Meir kai v/butikk

F. Skjerme badeplass

J. Opptrekk for båtar



2. Grendesenter

Butikk /drivstoffanlegg

Kulturhus, næringsdel

Arealutviding

- Bygg
- Parkering
- Badestrand/område



Møte nr 2, Gruppe nr.2 Grendesenter

Dei realistiske ideane å gå vidare med etter avklaring av krav og samarbeid	Korleis arbeide vidare for å få tiltaket realisert	Framdrift	Finansiering (korleis)

- Butikk/drivstoff anlegg
- Kulturhus, Næringsdel
- Arealutviding
  o Bygg
  o Parkering
  o Omlegging av badestrand/område
	- Visualisere tiltaket/bygg
	- Samordne med andre grupper, tilstøtande tiltak i området.
	- Reguleringsplan
		- Visualisering utifrå skisser, idebase haust 2019.
		- Oppstart regulering haust 2019
		- Løpande samordning med andre tiltak/grupper.
			- https://www.sfj.no/kulturbygg.340493.nn.html
			- https://www.sfj.no/naerings-og-samfunnsutvikling.341125.nn.html
			- https://www.kulturradet.no/stotteordning/-/vis/rom-for-kunst-kunstarenaer-og-kulturbygg
			- Inovasjon Norge?
			- Enova(energitiltak)?
			- Merkur/Fjordbutikken
			- SU(Sunnfjord Utvikling).
			- Naustdal/Sunnfjord kommune.
			- Utleige av areal, sal av leilegheiter.

3. Næringsutvikling

Opphaveleg tema/ide	Reformulert og eventuelt nye idear	Naudsynte samarbeidspartnar (kven må de samarbeide med for å få dette til)
Areal til ny næring.	Nye næringsområder må være opparbeidet og klare til bygging, fremlagt: vei, vann, strøm, avløp.	Utbygger. Kommune stiller krav i regulering. Grunneier.
Samferdsel FV611. Lokalt Vevring	Det må tilrettelegges for myke trafikanter med lyssatt gang og sykkelsti langs trase for vann og strøm.	Utbygger. Kommune. Grunneier.
Samferdsel FV611. Ny trase/utbedring mot Naustdal. (Lang sikt)	Tunnel trase Redal til Frammasvik. Utbedring eksisterende trase.	Fylkeskommune. Kommune. Utbygger.
Boliger til ansatte.	Utbygger/kommune legger til rette og detaljregulerer boliger for utleie og salg.	Utbygger. Grunneier, Kommune.

4. Landbruksutvikling

Planlegg skogbilveg som gjev tilleggsnytte til lokalsamfunnet:

- Turveg m/utsiktspunkt
- Lysløype
- Hyttefelt
- M.m.



Total lengde veiplan kl 4 Vevring ca. 9.5 kmm

Det står i dag ca. 50000m3 gran i dekningsområde (kart) Om ti år står det nærmere 80000 m3

5. Kunstlandsby

- **Nye tun** (permanent)
  - inkludert Kunstnar-Residency (nettstad: nkdale.no (kortidsutleige) med verkstad (nybygg og /eller fjøsen)
  - Workshop - kunstnarsamarbeid
- **Pop up-galleri** og verkstad ved butikken eller Fjøsen (Ola)
  - Utsalsstad, møteplass, ope verkstad i sentrum, til besøk frå publikum
- **Sommarkulturskule** for ungdom med musikk og kunst og fjordliv
  - Lage klatre- og treskulpturar, «musikkpark» med lydskulpturar langs skogsvegen
  - Bruk av musikkbinge
  - Lage studio → konsert på skuleplassen /amfi
  - vedlikehald av skulpturparken
  - skape kunst til sommargalleri og VU

Kulturhus med utstillingslokale

Utleige til «prøvebuarar» og kunstnarar i bygda

6. Bustader

Gruppa ser det som viktig å kunne tilby ulike bustadformer i Vevring, slik at folk med ulike behov kan finne noko som passar for dei. Det er også viktig å ha uleigehus/leilegheiter tilgjengeleg for dei som vil «prøvebu Vevring». Det er lite tilgjengeleg på marknaden i Vevring i dag, sjølv om ein del bustader/gardsbruk står tomme. Kommunedelplan Vevring har satt av framtidige bustadområde i heile Vevring krins og desse områda er eit godt utgangspunkt for utvikling i heile området.

Aktuelle buformer:

- Kunstnarbustader med atelier
- Permanente utleigehusvære
- Ta i bruk gamle gardstun
- Etablere nye tun
- Øko/kunst-landsby
- Minihus



Bustadområde i kommunedelplanen

7. Nærmiljøanlegg

1. Flytebrygge m/stupebrett
2. Gangsti med tørrsteinsmur
3. Klatreskulturpark «bodies»
4. Amfi/tribune
5. Musikkbinge



8. Marknadsføring

- Ideen er å lage ein reklamefilm om Vevring - ein dronevideo der ein filmar frå ei høgde der ein får eit overblikk over kva Vevring er og kva bygda tilbyr av bustad/aktivitet.
- Har kontakta vidaregåande skular på vestlandet med studiet media og kommunikasjon. Planen er å tilby dei eit råmateriale med film, som dei som studieoppgåve bearbeider etter våre ynskje
- Alf Vidar Snæland er kontakta og er med på å lage råmateriale som skal sendast skulane.
- Eventuell pengepremie til skulen som vinn konkurransen.
- Skulane er kontakta på e-post.

4. Tiltak i heile Vevring

Gruppene har gjennom sitt arbeid identifisert tiltak som gjeld heile Vevring krins og tiltak som gjeld Vevring sentrum spesielt. Under har vi lista om tiltak som gjeld heile Vevring frå Redal til Horne.

Næringsareal og samferdsel

Gruppa som jobba med dette har fokusert på at nye næringsområde må være opparbeidd og klare til bygging med veg, vatn, avløp og straum, til gruvedrifta startar opp i Engebøfjellet. Det er fleire næringsområde tiltenkt leverandørnæring som er planavklart i kommunedelplanen, der tilrettelegging med detaljplan og opparbeiding kan iverksetjast.

Gruppa er også opptatt av betre vegsamband til frå Vevring, primært mot Naustdal, men også ei påkopling til eventuell kystveg med bru over Ålesund. Kommunedelplanen viser ei mogleg veglinje frå bru over Ålesundet og tunnel til Redal. Frå Redal er det vist ei veglinje vidare opp i Redal til tunnel mot Frammarsvik. Kystvegen er utgreidd i eigen rapport frå Statens vegvesen, men veglinja mot Naustdal er ikkje utgreidd.

I samband med planar for gruvedrift i Engebøfjellet er det i avtale mellom utbyggar og fylkeskommunen sett av nokre midlar til vegutbetring på dagens fylkesveg, primært rassikring og møteplassar.

Landbruk

Gruppa er opptekne av at jord og skogbruksressursane i Vevring kan gi meit verdiskaping lokal i bygda. Ein omfattande skogsveg på nesten 10 km er under planlegging der det potensielt kan takast ut opp mot 80 000m3 tømmer dei neste åra.

Utover dette peikar gruppa på mogleg foredling av kjøt frå lokale produsentar og tilbod av omsorgstenester på gardsbruk i form av grøn omsorg/inn på tunet.

Ei styrka lokal satsing innan landbruket er i første rekke avhengig av eit grunnleggande engasjement frå lokale produsentar med påfølgande oppfølging frå det offentlege verkemiddelapparatet.

Bustader

Det er lite ledige bustader til leige i Vevring for dei som vil prøvebu området. Gruppa ynskjer å få oversikt over kven som har ledige hus, samtidig som dei vil motivere til å etablere fleire typar bustadkonsept.\ som tinyhouse, konteinerhus, tun- og landsbykonsept.

Kommunedelplanen har sett av byggeområde i alle deler av Vevring, der grunneigarar/utbyggarar kan utvikle ulike bustadkonsept.

Marknadsføring

Vevring treng meir samordna og oppdatert marknadsføring. Gruppa vil re-designe vevring.no og linke mot Facebook sider som i dag eksisterer. Det må på plass informasjon om:

- Kva hus som er til leige/sal.
- Kva som er til utleige til turistar.
- Kva som skjer i Vevring av trening, arrangement osv.
- Kva arbeidsmarked som er tilgjengeleg

Det er også ynskje om å lage ein reklamefilm av Vevring, ein dronevideo der ein filmar frå ei høgde der ein får eit overblikk over kva Vevring er og kva bygda tilbyr av bustad/aktivitet. Ideen kan dragast ut at ein tar det i fleire snuttar der ein inkluderer grendene rundt også, frå Redal til Vevring til Horne.

5. Tiltak i Vevring sentrum

Tiltaka i gruppearbeida som gjeld Vevring sentrum er teikna ut i ei felles planskisse. Vår arkitekt har nytta grunnlaget frå tidlegare planarbeid og har vidareforedla løysingane frå gruppearbeidet. Undervegs er det gjort planfaglege tilpassingar for så sikre kvalitet i løysingane og god måloppnåing i forhold til å bidra til sentrumsutvikling. Planskissa er vist under og detaljane er beskrive nærmare på dei neste sidene.

Planskisse



Figur 7: Planskisse basert på tidlegare planarbeid og gruppene sine innspel til konkrete tiltak. Norconsult.

Båthamn i vest



Figur 8: Utsnitt ny båthamn. Norconsult.

Gruppa som har jobba med ny båthamn, meiner det er potensiale for ei større båthamn vest for Storelva i Vevring, slik kommunedelplanen opnar for. Arealet i sjøen er relativt grunt, slik at det kan vere mogleg å basere seg på fylling for etablering av molo. Det er plass til å bygge ei rekke med naust i området samt parkeringsplass. Her kan ein tilby trygge båtplassar i fin avstand til skjergarden på kysten. Det kan også vere aktuelt å etablere service, overnatting og anna næring knytt til båt i området.

Arealet er sett av til småbåtanlegg i sjøen og naustområde på land i kommunedelplanen og er dermed i samsvar med overordna plan. Gjennom kommunen sin avtale med aktør i Engebøfjellet, kan det også vere realistisk å skaffe fyllmassar til tiltaket. Det må gjerast grunnundersøkingar og miljøkonsekvensane må avklarast før gjennomføring.

Butikk og grendesenter



Figur 9: Utsnitt ved eksisterande båthamn og butikk. Norconsult.

I dette området har fleire grupper nemnt behovet for ein større bølgebrytar/molo som skjermar kaifronten ved butikken, som i dag er lite funksjonell i grov sjø. Med eit slikt tiltak kan ein også opne opp til eksisterande båthamn. Det er relativt djup i området og det er krevjande å finne ei utforming som både skjermar for dei mest utfordrande vindretningane og er teknisk gjennomførbar. Tiltaket strekkjer seg lenger ut i sjøen enn kommunedelplanen legg opp til og krev nærmare utgreiing for å avklare om det er realistisk.

Skissa viser også ei fylling i sjøen for å gi meir landareal aust for butikken. Dette gjev plass til eventuell utviding av butikk og eit mogleg større servicebygg/kulturbygg til dei mange arrangementa i bygda. Butikkutviding og kulturhus med meir kan sjåast i samanheng og planskissa viser eksempel på plassering av eit mogleg bygningsvolum.

Spørsmålet om det skal vere sjølvstendig bygg eller samanbygging med butikken må avklarast på eit meir detaljert plannivå. Fyllinga i sjøen er i strid med kommunedelplanen og må konsekvensutgreiast.

Badestrand og leikepark

Figur 10: Utsnitt ved eksisterande båthamn og butikk. Norconsult.

I samband med utfylling aust for butikken er det lagt vekt på å lage til ein molo som kan skjerme badestranda og gi ei lun vik tilsvarande den som ligg ved butikken i dag. Området mellom butikken og sandvolleyballbana er tenkt laga til med oppmuring og sti. I dette området er det tenkt plassert ein klatrepark basert på Kjartan Slettemark sine «bodies». Badestranda er tenkt vidareutvikla med utliggar/plattform for stuping/leik. På moloen er det tenkt trapper inn i laguna. Det er relativt grunt i området, slik at fylling i sjø for å lage molo er realistisk. Tiltaket er i strid med kommunedelplanen og må konsekvensutgreiast i samband med områderegulering.

Sentrumsgata med sentrumshus



Figur 11: Utsnitt ved eksisterande båthamn og butikk. Norconsult.

Det er lagt opp til sentrumshus på nordsida av hovudgata i 3-4 etasjes høgde(mellom skulen og butikken). Det er tenkt at bygningane skal vere fleksible med ulike funksjonar (næring, bustad, offentleg) i dei ulike etasjane og bruken av dei kan endre seg over tid. På planskissa er det lagt inn parkering på sida og bak ein etasje opp for å unngå at parkeringsareal dominerer gaterommet. Nærmast skulen er det også tenkt eventuelle offentlege tenester/funksjonar. Løa i bakken bak sentrumshusa kan bli ombygd til å huse fellesfunksjonar for tettstaden og knytast saman med hovudgata via trapper.

Sjølve gata bør opparbeidast med særskilte kvalitetar (miljøgate) mellom butikken og skulen, gjerne med fortau på begge sider og eventuelt langsgåande parkering. Vegdekke må vere slik at det blir opplevd som ei gate der farten skal vere låg (30-40 km/t) og der fotgjengarar kan bevege seg trygt.

Forslaget er i samsvar med kommunedelplanen og kan gjennomførast når områderegulering ligg føre.

Tingneset



Figur 12: Utsnitt ved eksisterande båthamn og butikk. Norconsult.

Det er avgjerande for Vevring å bevare Tingneset sin historiske status og plassering i kulturlandskapet. Difor er bøen mellom gardstunet og hovudgata halden fri for utbygging. Om området skal halde fram som slåttemark eller vidareutviklast som eit felles grøntområde, må behova framover avklare. I alle høve må tiltak i dette området underordne seg gardstunet og det grøne preget kring Tingneset. Ved avkøyring frå fylkesvegen er det skissert ein parkeringsplass som kan vere avlastning ved større arrangement på skulen, utan å vere dominerande i området.

Dette er også i samsvar med føringane i kommunedelplanen.

Området kring skulen



Figur 13: Utsnitt ved eksisterande båthamn og butikk. Norconsult.

Bygningsmassen i sentrumsgata nærmast skulen er særskilt tiltenkt eventuelle offentleg arealbehov, for slik å byggje opp om eit offentleg område i tettstaden.

Det er skissert ei vidare utvikling av skuleområde med plassering av ein musikkbinge ved skule. Eit alternativ tett på og eit alternativ som ligg meir midt i det grøne område med stiar og aktivitetar opp mot bustadområde. I tillegg er det skissert eit amfi aust for skulen kombinert med asfaltering av plassen framfor, slik at det vert funksjonelt for bruk både for skulen og for større arrangement.

Utover dette er det prioritert trygt samband frå skulen og langs sentrumsgata til aktivitetar ved badestrand og butikk/grendesenter. Likeins er det skissert stiar som snarvegar opp til bustadområde Dette er også i samsvar med kommunedelplanen.

Bustadområde med parsellhage



Figur 14: Utsnitt ved eksisterande båthamn og butikk. Norconsult.

Oppe på kanten bak skulen er det tenkt eit reint bustadområde, der det skal vere fleksibilitet for bygging av ulike typar bustader. Dei fremste bustadane vert synlege frå sentrumsområde og vil ramme inn tettstaden. Det er foreslått å legge om vegen opp til området slik at den går utanom gardstunet ved kyrkja. Den gamle ferdselsvegen i området vert oppretthalden som turveg og knyter saman Vevring både austover og vestover.

Sentralt i området er det sett av plass til leik og uteopphald og lengre bak er det sett av plass til parsellhage. Områda er knytt saman med eit nett av (kul)turstiar nedover til sentrum og skule.

Tiltaket er i samsvar med kommunedelplanen.

Minihus/landskapshotell



Figur 15: Detalj ved eksisterande båthamn og butikk. Norconsult.

For utvikling av Vevring har det vore sett på som ei utfordring at det er vanskeleg å finne seg bustader å leige for å prøvebu området. Det er også ynskje om å kunne tilby bygningar for kortare og lengre opphald for kunstnarar. Det er lansert tankar om å utvikle konseptet «minihus» i Vevring og det er allereie regulert eit område på Kvellestad der konseptet kan etablerast. Om slike bygningar skal etablerast i sentrum, foreslår vi området vest for Tingneset. Små bygningar i dette området kan tilpassast landskapet og dermed unngå å ta merksemd frå Tingneset når ein kjem til Vevring frå aust.

Tiltaket er i samsvar med kommunedelplanen.

6. Illustrasjonar

Oversikt

Illustrasjonen under viser dei ulike tiltaka som innbyggarane vil prioritere for sentrumsutvikling. Bilda gjev døme på utforming av arkitektur, som inspirasjon til vidare arbeid.



Figur 16: Oversikt med døme på utforming. Norconsult.

Utsnitt mot vest

I dette utsnittet får vi eit inntrykk av korleis ny båthamn vest med naust og molo kan bli. Skissa viser også grendesenter på ny fylling i sjø aust for butikken, saman med skjerming av badestrand. Det er vist ei mogleg utforming av grendesenter, men prosessen vidare må avklare om bygningskroppen skal byggjast saman med eksisterande butikk eller stå for seg sjølv. Vidare ser vi også litt av sentrumshusa langs sentrumsgata og bustadområde opp på kanten i nord.

Figur 17: Detalj i 3D mot vest, som viser ny båthamn og moglege endringar langs sjøen ved eksisterande båthamn, butikk og badeplass. Norconsult.

Utsnitt sentrumsgata

Her ser vi korleis det kan etablerast bygningar langs sentrumsgata i Vevring og korleis grendesenter kan ta seg ut på området ved butikken. Bygningane ligg tett på vegen for å byggje opp om gateløpet. Det er vist forhagar som kan skape ei buffersone mellom gata og bygga. Denne sona kan også nyttast som forplass/uteservering eller liknande dersom det kjem publikumsfunksjonar i bygga. Høgda er her vist med 3 etasjar. Områda sør for vegen er haldne opne og grøne og gjev eit område som med tid kan foredlast for å gi tettstaden fellesrom og samtidig få fram den historiske staden Tingneset.

Figur 18: Detalj gatemiljø mot vest. Norconsult.

7. Vidare arbeid

Det er avgjerande for vidare utvikling at arbeidsgruppene arbeide vidare med sine idear fram til realisering. Kommune har signalisert at dei vil starte opp arbeidet med områderegulering med grunnlagt gruppene sitt arbeid som er samanstilt i denne rapporten.

Kort sikt

Tiltak som kan gjennomførast på kort sikt (2021) og uavhengig av områderegulering:

Tiltak	Igangsetjingsansvar
1. Etablering av musikkbinge	Nærmiljøgruppa
2. Etablere skulpturpark	Nærmiljøgruppa
3. Etablere amfi aust for skulen	Nærmiljøgruppa
4. Vidareutvikle Myraløa som kulturløe	Grendalaget
5. Fortau langs sentrumsgata (eiga regulering for vassleidning)	Kommunen og grendalaget

Lang sikt

Idear som må arbeidast med på lengre sikt og er avhengig av områderegulering:

Tiltak	Igangsetjingsansvar
1. Ny båthamn i vest.	Kommunen regulerer Båthamngruppa arbeider med prosjektering og forretningsutvikling
2. Utfylling aust for butikken og molo for skjerming av badestrand	Kommunen regulerer Grendesentergruppa arbeider med prosjektering og finansiering
3. Grendesenter på ny fylling ved butikken	Kommunen regulerer Grendesentergruppa arbeider med prosjektering og finansiering
4. Minihus/landskapshotel	Kommunen regulerer Bustad og kunstlandsbygruppa arbeider med å skaffe investor.
6. Sentrumshus og opparbeiding av gate	Kommunen regulerer Grendalaget saman med bustad og kunstlandsbygruppa arbeider med å skaffe interessentar
7. Bustadutvikling	Kommunen regulerer i Vevring sentrum Bustad og kunstlandsbygruppa arbeider med å skaffe interessentar
8. Landbruksutvikling	Landbruksgruppa arbeider vidare med å avdekke potensiale for lokal foredling og tenester basert på landbruks-ressursane i Vevring.
9. Næring og samferdsel	Gruppa arbeider vidare med å sikre at offentlege og private aktørar førebur næringsområde og greier ut nye vegsamband.
10. Marknadsføring	Marknadsgruppa arbeider vidare med re-lansering av Vevring.no og reklamefilm.

Dei med ansvar for igangsetjing skal sikre at arbeidet med tiltaka vert koordinert og ikkje stoggar opp, men ikkje nødvendigvis gjere all den praktiske jobben sjølv. Fleire aktørar må involverast både i finansiering, organisering og praktisk gjennomføring.

8. Vedlegg

Vedlegg 1 Planskisse

Vedlegg 2 Oversikt og inspirasjon

Vedlegg 3 Oversikt vest utsnitt

Vedlegg 4 Sentrumsgata utsnitt